

# Samlast i eitt vaskerike



**DET VASKAR SEG:** Dagleg leiar Jan-Ove Bergesen framfor nybygget som har reist seg på Mjåtveit. Her vert det tett på 900 kvadratmeter med nytt areal.

I sommarferien vert selskapa Byggrengrjøring AS og Mr Clean AS Vaskeri samla under eitt tak. Jan-Ove Bergesen gler seg til at bedriftene han har utvikla saman med kona, kan drivast langt meir rasjonelt.

Av Ketil Falch

Det aller første bygget i det nye næringsområdet til Liegruppen på Mjåtveit skal husa administrasjon for Byggrengrjøring og Mr Clean-selskapa, nytt vaskeri,

verkstad og lager for ei verksemd som har vakse seg til rundt 60 tilsette. Av dei er seks-sju personar i administrasjonen.

Selskapa får no eit bygg som er spesielt tilpassa til aktivitetane. Ikkje minst gjer det seg å få ein lettvinnt og sikker tilkomst for all biltransporten til lager og vaskeri. Her skjer både levering og henting av vasketøy, forutan at mange patruljebilar med reindhaldarar kjem innom for å henta vaskeutstyr.

#### For trøgt i dag

– I dag held me til trøgt og spreidd i fleire bygg i Knarvik. Administrasjon og lager har me i Knarvikgården, medan vaskeriet ligg i Reikeråsbygget. Begge stadene lir me av plassmangel. På vaskeriet har me i eit par års tid ikkje vore i stand til å ta på oss fleire oppdrag, fortel Bergesen.

No investerer bedrifta rundt 15 millionar kroner i nybygget som har fått ei tre måls tomt heilt ved inngangen til det nye næringsområdet på Mjåtveit. Nybygget har ei grunnflate på 720 kvadratmeter og får ein andreetasje på 150 kvadratmeter. Vaskeriet vil ta opp 260 kvadratmeter, 300 kvadrat skal brukast til administrative føremål, medan 310 kvadrat går til verkstad og lager. Bygget er dessutan tilrettelagt for ei eventuell utviding av vaskeriet.

– Me har valt å setja opp nybygget i stålkonstruksjonar med saltak som har godt fall, og dermed er godt eigna for eit regnfullt vestlandsklima, seier den daglege leiaren for bedrifta.

#### Byrja i det små

For 21 år sidan starta han og Linda i det små. Frå først av var det berre dei to som jobba,

men etter kvart byrja dei å ekspandera, og veksten har vore på rundt 10-15 prosent kvart år. Dei to innehavarane kunne ha raska endå meir på i ein bransje der det har vore sterk ekspansjon, men dei har ønskt å ha ein jamn og kontrollert auke. Netto omsetnad ligg i dag på 25 millionar kroner.

Arbeidsstokken i ei slik bedrift er fleirkulturell og mangespråkleg, men majoriteten har bustad i Nordhordland.

– Kundemassen vår finst over heile Stor-Bergen, inkludert Osterøy, Ågotnes på Sotra og Mongstad, og me har mange bedrifter på Sandsli og Kokstad som kundar. Det kostar å setja opp eit slikt bygg, men så kan me også driva meir lønsamt. Me er godt nøgde med plasseringa.

#### Spent på framtida

Bergesen seier at no er han berre

spent på kva slags anna næring som etter kvart kjem på plass i det nye næringsområdet på Mjåtveit. Han trur at området vil visa seg å bli svært bra, mellom anna av di Liegruppen har laga ganske konkrete reglar for kva slags bygningar som kan setjast opp her.

– Eg ser også på Liegruppen som ein veldig strukturert og seriøs utviklar av dette området, og har stor tillit til dei.

Jan-Ove Bergesen seier det berre er bestemt at innflyttinga skal skje i fellesferien, av di det er det einaste høvelege tidsrommet. Difor vil han satsa alt på at det skal skje.

– Etter sommarferien skal me operera frå Mjåtveit, men det er viktig å presisera at renseriverksemda i Knarvik Senter som er retta mot vanlege privatkundar, vert verande der som i dag, seier bedriftsleiaren.

## Ny møteplass for bedriftsleiarar

To timar med fagleg påfyll og nyttig relasjonsbygging

Å vere leiar er ofte ein einsam jobb, men det treng det ikkje å vere. No dreg vi i gang ein treffstad for bedriftsleiarar på Vestlandet der du kan få fagleg påfyll og utvikle nettverket ditt. Vi inviterer deg til ein nyttig og uformell kveld på Litteraturhuset tysdag 16. april.

Dagens tema: Pensjon – moglegheiter eller unødvendig hovudbry?

Litteraturhuset i Bergen, Østre Skostredet 5-7  
Tysdag 16. april kl. 18-20 (dørene opnar kl. 17.30)  
Det blir servert god mat og drikke frå Colonialen.

Påmelding: Send SMS med kodeord [PS] til 05555.

Avgrensa tal på plassar

Leidd av  
Siri Lill Mannes



Den nye møteplassen vår  
for deg som bedriftsleiar

 SparebankenVest